

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Slikt forslag vart fremja for Ungdommens fylkesutval:

Ungdommens fylkesutval består av sju faste medlemar og fem varamedlemar. Praksis har vore at varamedlemar vert invitert til alle utvalsmøter og at kvart medlem med eit varamedlem er ansvarleg for eit satsingsområde kvar.

Ansvarsfordeling i Ungdommens fylkesutval:

Leiar og nestleiar:

- Høgste mynde i UFU
- Budsjett og rekneskap
- Dynamikken i utvalet
- Delegera ansvar
- Sørgje for framgang i arbeidet
- Møteleiing
- Representasjon
- Sakar utanfor eller overordna dei andre områda
- Avgjerd mellom møter som ikkje er av stor økonomisk eller prinsipielt betyding
- Saksliste og agenda
- Kontakt med politisk kontaktperson i HFK

Leiar for dei fire områda:

- Kontaktperson på sitt område
- Halde kontakta med utvalsleiar
- Sørgje for at sakar, planar og førespurnader innanfor sitt område vert handsama innanfor dei fristar som er satt.
- Halde seg oppdatert innanfor sitt område
- Delegera ansvar for området sitt
- Sørgje for at utvalet er informert om det som skjer på området
- Fremje aktuelle sakar for politikarar i sitt utval
- Skrive sakar til hjemmesida
- Ha kontakt med medlem og varamedlem som på sitt område

Medlemar og varamedlemar i utvalet:

- Kome førebudd til møta
- Bidra til arbeidet, særleg på eige område
- Halde seg oppdatert på eige område og på ungdomspolitikk generelt.

Det nye styringsdokumentet i 2014 legg til grunn ein oppdeling på fire områdar; Opplæring- og helse, Kultur- og ressurs. Samferdsel og Eigen organisasjon. Områdane er vald på bakgrunn av dei tre politiske utvala i HFK, samt at det er naudsynt med eit fokus på Eigen organisasjon.

UFU er delt inn i dei same områdane:

Opplæring- og helse: eit medlem og to varamedlem

Kultur- og ressurs: eit medlem og eit varamedlem

Samferdsel: eit medlem og eit varamedlem

Eigen organisasjon: to medlem og eit varamedlem

Eit av medlemane på kvart område vart vald som «leiar» for det området. Ansvarsområda for «leiar» kan ein sjå over.

Dette betyr at dersom det kjem ein sak til UFU angåande Tannhelse så vert den sendt vidare til leiar for Opplæring- og helse, dei medlemene som er ansvarleg for området, samt kopi til leiar og nestleiar. Leiar for Opplæring- og helse konfererer med si gruppe og delegerer ansvar for å skrive ein uttale, svar, osv til rette vedkommande. Det endelege utkastet til uttale vert tatt opp på neste UFU-møte, eller sendt ut på mail for tilbakemeldingar. Det betyr at det medlem som er ansvarleg for Kultur- og ressurs ikkje treng å tenkje på saka før den kjem som eit ferdig utkast til uttale

Dialogdagen er delt opp i dei ulike områdane og kvart område vil møte politikarar og administrasjon. Ungdommens fylkesutval skal gjere sitt beste for å forstå prosessane, få kontakt med aktuelle nøkkelpersonar og få klarheit i korleis dei på best mogleg måte skal kunne jobbe med Ungdommens planprogram 2014.

## Vedtak

Ungdommens fylkesutval vart samrøystes einige om å følgje strukturen slik den er føreslått.

Ungdommens fylkesutval delar seg slik:

- Opplæring- og helse: Vegard Kleppe\*, Emma Franck-Gwinnell og Endre Hagen
- Kultur- og ressurs: Hedda Hidle\* og Stine Hegdal
- Samferdsel: Lars Helle Fauske\* og Olve Akselsen
- Eigen organisasjon: Cecilie Fredheim\*, Benedicte Hellestveit og Thomas Valdersnes

\*desse er leiarane på dei respektive områdane.